



UTSKRIFT

frå

M Ø T E PROTOKOLL

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
21/18	033	17.04.2018	25.04.2018	IBM

OPPSUMMERING ORIENTERINGSBESØK GJERDSVIKA

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek oppsummering frå orienteringsbesøk 17.01.2018 til vitende.

Vedlegg

Oppsummering av orienteringsbesøk 17.01.2018.

Saksopplysning

Kontrollutvalet hadde etter ordinært kontrollutvalsmøte 17.01.2018 orienteringsbesøk ved Rises minne og Gjerdsvika oppvekstsenter.

Ein viser til oppsummeringa frå orienteringsbesøket som ligg ved.

Rett utskrift

Åram, 11. mai 2018



Ida B. Marholm
Ida Birgitte Marholm
Konsulent

Utskrift til: Kommunestyret

ORIENTERINGSBESØK

17.01.2018

Rises minne
Gjerdsvika oppvekstsenter

KONTROLLUTVALET
I SANDE



Innhold

Forord	3
Innleiing.....	4
Målsetting	4
Gjennomføring.....	4
Rises minne	5
Bygningsmasse	5
Årsverk og stillingar	5
Uteområdet	5
Sluttkommentar	5
Gjerdsvika oppvekstsenter.....	6
Bygningsmasse	6
Årsverk og stillingar	6
Uteområde	6
Andre tilhøve	6
Sluttkommentar	6

Forord

Kontrollutvalet si hovudoppgåve er i følgje kommunelova § 77 å føre tilsyn med forvaltninga i kommunen på vegne av kommunestyret.

Kontrollutvalet nyttar primært kommunerevisjonen til å *utføre* prioriterte kontrollhandlingar, men kan i tillegg utøve sjølvstendige tilsynsfunksjonar, som til dømes orienteringsbesøk hos tenesteproducentane i kommunen.

Kontrollutvalet gjer merksam på at dei ikkje er fagfolk på områda som har utarbeida oppsummeringa. Oppsummeringa omtalar det utvalet har registrert på sitt besøk, samt fått greie på ved intervju/samtale.

18. april 2018

Jostein Støylen
Dagleg leiar Vest Kontroll

Ida Birgitte Marholm
Konsulent Vest Kontroll

Innleiing

Målsetting

Føremålet med orienteringsbesøk er å gi kontrollutvalet oversikt over det kommunale forvaltar og som kontrollutvalet skal føre tilsyn med, slik at kontrollutvalet har grunnlag for å vurdere om drifta skjer i samsvar med gjeldande reglar, vedtak og intensjonar.

Gjennomføring

Etter kommunelova § 76 har kommunestyret det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga. Kommunelova § 77 seier at kontrollutvalet skal gjere det løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga på sine vegne.

Meir presisering av kontrollutvalet sitt arbeid finn ein i forskrift om kontrollutval, som er fastsett av Kommunal og regionaldepartementet.

Orienteringsbesøka vart gjennomført 17. januar 2018, og fylgjande personar var til stades:

Kontrollutvalet i Sande kommune kommune: Olav Myklebust
Linda Dyrhol
Gro Brandal
Wenche Gjerde Sætre
Asbjørn Støylen

Vest Kontroll: Jostein Støylen
Ida Birgitte Marholm

Rises minne: Kari Johanne Skarmyr, einingsleiar heimetenesta
Bård Dalen, helse- og omsorgssjef

Gjerdsvika oppvekstsenter: Anne Margrethe Dybvik-Hide, rektor

Rises minne

Einingsleiar for heimstenesta Kari Johanne Skarmyr og helse- og omsorgssjef Bård Dalen orienterte og gav oss omvisning. Rises minne var tidlegare ein stiftelse før det vart overført til kommunen som trygdebustadar. Fellesstova vert nytta til utleige for diverse tilstellingar og arrangement.

Bygningsmasse

Trygdebustadane er eit lavterskeltilbod som består av 6 leilegheiter og ei fellesstove.

Bebuarane/pårørande kan male sjølv, kommunen betalar maling.

Teknisk har ikkje kapasitet.

Variabel standard på leilegheitene, enkel oppgradering bør gjerast.

Årsverk og stillingar

Heimetenesta har ansvar for bebruarane, ikkje fast tilsyn.

Bebuarane kan få middag levert tre dagar i veka – 6 middagar.

Vaktmeister på Gursken oppvekstsenter har ansvaret, det fungerer bra.


Uteområdet

Enkelte plassar roten bordkledning.

Sluttkommentar

Variabel standard på leilegheitene, enkel oppgradering bør gjerast.

Roten bordkledning bør skiftast.



Gjerdsvika oppvekstsenter

Rektor Anne Margrethe Dybvik-Hide orienterte og gav oss omvisning.

Skulen har 14 elevar fordelt på 1. – 5. klasse. Barnehagen har 16 born.

Bygningsmasse

Oppvekstsenteret består av to bygg, eit skulebygg og eit barnehagebygg. I tillegg er det gymsal i eige bygg.



Årsverk og stillingar

Ved skulen er det 1,8 lærarar, 0,2 assistent, 0,3 reinhaldar og 0,52 leiar.

Barnehagen har 1,6 pedleiar, 2,2 assistent, 0,2 reinhaldar og 0,4 einingsleiar.

Morgon SFO, i tillegg til ein ettermiddag i veka, held til i barnehagen. Elles er SFO på skulen.

Same vaktmeister som i Gursken, kvar onsdag i Gjerdsvika.



Uteområde

Held på å samle inn pengar til ny leikarhytte.

Ynskjer seg klatrestativ.

Andre tilhøve

Data til kvar elev.

Utfordringar med internett frå tid til anna.

Sluttkommentar

Utbetring og oppgradering av uteområdet bør gjerast for betre tilpassing til brukargruppene.





Barnehagen

